



TAKSERING - BYGNING, INNBO, NATURSKADE, LANDBRUK - TILSTANDSVURDERINGER MNTF
PROSJEKTADMINISTRASJON (PROSJEKTLEDELSE, PROSJEKTERINGSLEDELSE OG BYGGELEDELSE)
PROSJEKTERING (BYGGETEKNIKK, ARKITEKTFAG, REGULERINGSPLANER MV)
FILM/VIDEO - PRODUKSJON



F-1

Til

Lindås kommune
Avd byggesak

Gjenpart til:

Vår ref

Deres ref

Dato

F1_2018040_1263_gnr_102_bnr_8_Redegjorelse _ F1.docx

1.10.2018

FORKLARING TIL SØKNAD

GNR 102 BNR 8 VABØ LINDÅS KOMMUNEN

Grunnlag for tiltaket er godkjent reguleringsplan med planId 1263-201401.

Denne søknaden omhandler kun løyve til å byggja tillkomstveg f_V frå kommunal veg (o_V - Vabøvegen) og ned til parkeringsplassen f_P, og grovplanering av sjølv parkeringsplassen f_P.

GJENNOMGANG AV SØKNAD

Nedanfor har vi knytt nokre merknader til enkelte punkt i søknad.

Skjema søknad om tillatelse til tiltak

Det er i søknad kun kryssa av for nyanlegg – veg. Vegen vert lagt naturleg og tilpassa terrenget. Kun mindre sprengning i små fjellryggar i veglinja. I enden av vegen vil ein grovplanera planlagt parkeringsplass ved nausta. Endeleg godkjenning og formell søknad om parkeringsplass vert sendt inn saman med søknad om naust. Det er derfor ikkje kryssa av for parkeringsplass i søknad.

Dispensasjonssøknad

Det er ikkje søkt om dispensasjon. Dette knytt til at søknad omhandler bygging av veg som er i samsvar med godkjent reguleringsplan.

Skjema A-1 Opplysninger om tiltakes ytre rammer

Dette er ein veg og vi har derfor ikkje fylt ut kolonne for grad av utnytting.

Skjema C-1 Nabovarsel mv

Alle aktuelle naboar er varsla.

I tillegg har alle som er knytt til Bjørnestø båtlag fått informasjon ved årsmåte og i eige skriv.

Det har vore eige synfaring om tiltaket saman med Sigurd Vabø, nabo som grensar til tiltaket i søraust (gnr 102 bnr 7; Eva Abelsen og Sigurd Vabø).



Ansvarsrettar

Det er lagt ved 3 erklæringer om ansvarsrettar:

- ADU Ingeniør Atle D Utkilen – SØK og PRO
- Entreprenør Bjørn Dale AS - UTF

Litt om dei som erklærer ansvar

ADU Ingeniør Atle D Utkilen ventar på ny sentralgodkjenning. Referansenummer er 18/7673. Det er derfor kryssa av for ikkje sentralgodkjenning. Firma har tidlegare vore søkjar i mange byggjesaker i Lindås kommunen. Frå 2016-2017 var underteikna ansatt i ADU as. Dette firma hadde sentralgodkjenning i tiltaksklasse 2. Dette firma er avvikla og kompetansen er ført vidare/ tilbake i ADU Ingeniør Atle D Utkilen.

Dersom det er ynskjeleg at vi sender over referanseprosjekt, er det berre å seia frå.

Entreprenør Bjørn Dale as har ikkje sentralgodkjenning. Firma har gjort mange tilsvarende jobbar med tilsvarende godkjenningar i kommunen. Seinaste prosjektet vi har hatt firma inne på er i sak 305/17 (Lindås kommune) under tiltakshavar Jarle Bergås

Skulle det vera noko som er uklar, er det berre å ta kontakt.

Venleg helsing
for



Atle Utkilen
Dagleg leiar
Tlf 97067161 / atle@adu.no